

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	11.12.20	39/20

ANG. HJORTEJAKTA VED GJENDE I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK*Saksdokument:*

Ingen.

Saksutgreiing og vurdering:

Lom fjellstyre og Vågå fjellstyre hadde i mange år eit samarbeid om elgjakt i Gjendetraktene, dvs. i Jotunheimen nasjonalpark. Det var fyrst på 1980-talet at det vart organisert som eit eige jaktfelt, og som seinare vart innlemma som ein del av Bøverdalen viltområde. Etter 2003 har det ikkje vore opna for elgjakt her pga. liten elgbestand. I seinare år har det derimot vorte meir og meir hjort i området, spesielt på sørsida av Gjende, og som held til her heile året. Fjellstyra vart difor i fjor samde om at bestanden var såpass stor at det kunne opnast for jakt, og med ei kvote på to dyr (ein voksen bukk og eit ungdyr/kalv). Det vart felt ein voksen bukk i fjor, og i haust (same kvote) ein voksen bukk og ei åringshind.

Fjellstyra var elles samde om å halde fram med fordeling av jakta og inntekter slik den har vore lagt til grunn frå 1993 og inntil nokon tek opp ønskje om noko anna, dvs. rullering av jakta mellom lag frå Lom og Vågå skulle vera to år til Lom, eitt år til Vågå osv, og 2/3 av inntektene til Lom og 1/3 til Vågå. Dette var primært med bakgrunn i arealfordelinga. Registreringa av teljande areal for elgjakt i 1983 viste 34 % i Vågå og 66 % i Lom. Det teljande arealet vart revidert i 1991, og da vart fordelinga 29 % i Vågå og 71 % i Lom. På Vågåsida er det teljande arealet frå kommunegrensa og langs med sørsida av Gjende til Tjønnholåe, på Lomssida delar av Veslådalen, Storådalen og Memurudalen, samt ca. 5 km langs Gjende frå Gjendebu.

Det var lag frå Vågå som hadde elgjakt her sist gong (i 2002), og det var såleis semje om at for opning av hjortejakta i fjor, så var det Lom sin tur med to år. Men ingen lag søkte, og det vart difor tildelt eit lag frå Vågå (to søknader). I år var det tre Loms-lag som søkte, og jakta vart difor tildelt lag frå Lom.

Fordelinga av jakta bør nå takast opp til ny vurdering. Vi veit at det held til ein del hjort på sørsida av Gjende, også austafor Tjønnholåe og «framover» til og med alt av areal innan nasjonalparken nedst i Leirungsdalen. Dette er i dag ikkje med i det teljande arealet, men inngår som ein del av jaktarealet. Dette er også ei strekning som det sporadisk blir observert elg, seinast to dyr ved Svarva i sommar. På nordsida av Gjende innan nasjonalparken er det også skogs- og vierareal, men ikkje noko areal på Vågåsida her vart tatt med i det teljande arealet for elgjakt i 1991. Tilhald av hjort (og elg) er pr. i dag langt mindre på nordsida enn på sørsida av Gjende, men vi opplevde likevel både i 2017 og i 2018 å «ta hand om» elg som hadde forulykkast i bratta mellom Gjendeosen og Memurubu.

Innstilling til vedtak:

For jakt på elg og hjort ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, så meiner fjellstyret at med dagens hjortebestand ved Gjende, så bør det vidareførast eit tilbod om hjortejakt her.

Fjellstyret meiner det pr. i dag ikkje er stor nok elgbestand til å opne for jakt att.

Fjellstyret meiner at det teljande arealet som vart revidert sist gong i 1991 da det var elgjakt i Gjendeområdet, ikkje er dekkjande for arealbruken til hjortebestanden der i dag. Fjellstyret meiner det difor må takast ein ny gjennomgang av det teljande arealet, som da blir grunnlag for ei eventuell ny vurdering av fordeling av jakta og inntektene. Eit alternativ er å behalde dagens teljande areal, men at det blir ei 50/50-deling på fordeling av hjortejakt og inntekter. Eit tredje alternativ som fjellstyret håpar ikkje blir aktuelt å måtte vurdere, er å avslutte samarbeidet om felles jaktområde, slik at fjellstyra har kvart sitt opplegg for hjortejakt på «sin» grunn.

Inntil det blir ei avklaring på fordeling ang. hjortejakta, tykkjer fjellstyret det er greitt at dagens fordeling av jakta blir vidareført inntil vidare, og at det da for 2021 er jaktagrupperinga frå Vågå sin tur.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Lom fjellstyre

Rett utskrift. Kopi til:

Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter

Vågåmo, 11.12.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no